



Egil Vaage og Maria

Ei gruppe på fire frå venskapskommunen San Lucas Toliman i Guatemala gjesta Bygdetunet Rød og Bøkkerverkstaden tysdag kveld



Dei 4 frå Guatemala

Mellom 30 og 40 gester fekk sjå utstillingen Frå heimastrikk og mamelukk før dei sessa seg rundt borda i Bøkkerverkstaden.

Her vart det som vanleg servert lubbesild, poteta og alkoholfritt øl.

Etter presentasjon og helsingar sa Tørris Skaaluren fram helsing frå Rotary.

Rotari i Kvinnherad har til no løyvd midlar til fire stipendelevar i San Lucas Toliman.

Det er uvisst om dei maktar å halda fram, men Skaaluren hadde likevel med ein gåvesjekk på kr. 1.000

I venskapsgruppa frå Guatemala er det med 3 lærarar og ein arbeidsleiar for eit landbruksprosjekt som dyrkar bananer og kaffi.

Lærarane kjem frå tre ulike skular og har utveksling med skulane Valen, Sunde og Undarheim.

Det var Kvinnherad kommune som var vertskap for Bøkkervelden på Rød.

Dei skal på valdagen vera gjester på Rådhuset der dei skal få orientering og innsyn i eit norsk kommuneval.

Etter den kommunale middagen skal dei vera med på valvake og oppteljing.